

Hagetunet reiser seg

08.01.2010



Dei lokale byggjefirma blir ikkje skremde av kaldveret, men held fram med påbyrja byggjeprosjekt samstundes som dei startar nye. Eit av den siste kategori er Hagetunet midt i Uskedalen. Det omfattar i første omgang fire nye bustader for vanskelegstilte - som reisast oppå grunnmuren til det tidlegare hagesenteret.

Også dei tre noverande bustadane blir omfatta av samarbeidsavtala med kommunen.

Det er Nedrevåg Trevare på Seimsfoss som har ansvaret for trearbeid og som no har kome godt igang (biletet).

Kvinnherad Byggutvikling på Børnes vil få ansvaret for el-installasjon medan RTR Røyr skal ha røyrleggjararbeidet

.Innflytting skal skje 15. juni.

(Foto: Ola Matti Mathisen).